

Kultur og Kyrkjedepartementet

Postb. 8030 Dep

0030 OSLO

Vår ref.

07/174-2/N-230//SIRO

Dykkar ref.

Dato:

27.04.2007

## Bibliotekreform 2014 - høyringsuttale Kvam herad

Samandrag:

Statens organ for arkiv, museum og bibliotek, ABM- utvikling, la 25.09.2006 fram utgreiinga "Bibliotekreform 2014". Utgreiinga vart utført på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet. Kultur- og kyrkjedepartementet har sendt "Bibliotekreform 2014" på høyring. Høyringsfristen vart sett til 01.04.2007. Fristen er seinare utsett til 01.05.2007.

"Bibliotekreform 2014" gjev eit godt bilete av biblioteknettverket i Norge i dag, og visjonen om det framtidige Norgesbiblioteket. Dei tre målområda i bibliotekutgreiinga er følgjande:

- I. Innhald og tenester**
- II Struktur og organisering**
- III Kompetanse og forskning**

Vegen fram til Norgesbiblioteket vert skildra gjennom mål, strategiar og tiltak. Det er gjeve ein mal til høyringsuttalen. Denne vert følgd punktvis og kommentert etterkvart. Ikkje alle strategiar og tiltaka vert vigd merksemd.

### 1. Generell kommentar

Kvam herad stiller seg positiv til intensjonane i "Bibliotekreform 2014". Målet for reforma er å styrke det samarbeidande biblioteknettverket gjennom dei strategiar og tiltak som vert foreslått. Reforma femner om alle typar offentlege bibliotek og alle mediatypar. Den fokuserer på bibliotekutvikling, nye media og å sikre eit godt tenestetilbod til brukarane uavhengig av personlege tilhøve som bustad og utdanning. Biblioteka skal tilby gode, relevante og oppdaterte tenester og tilføre brukarane kunnskap, kompetanse og kulturopplevingar.

Det fysiske biblioteket skal vidareutviklast til ein stad for læring, kulturformidling, for integrering og kulturelt mangfald. Biblioteket skal i større grad vere eit unikt og synleg tilbod overalt der brukaren er : på nettet og på det lokale biblioteket. Dette høver godt med Kvam

herad sin intensjon om betre dialog med innbyggjarane gjennom å utvikle gode kommunale heimesider og fornya bibliotekavdelingar. Kvam har satsa på bibliotek og modernisert to av fire bibliotek, og dei to siste står for tur. Dette gjer at våre innbyggjarar får god kontakt med kommunen der dei bur. Kvam har gode kommunale heimesider, og biblioteket er synleg med katalogdata tilgjengeleg på nett. Kommunen sitt strategiske mål er ”stolte innbyggjarar med felles identitet”. Satsinga på bibliotek som informasjonsarena og møteplass byggjer opp om ynskje ” å skape gode levevilkår med spennande og varierte tilbod”.

## 2. Kommentar til dei enkelte framlegga

### I Innhald og tenster

Målet er å skape nasjonale, digitale bibliotektenester som enkelt gjev alle fri tilgang til kunnskap og kultur. Tenestene skal sikrast gjennom biblioteksamarbeid, nasjonal koordinering og finansiering.

#### 1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

Gjennom tiltaket ”iverksette programmet Norsk digitalt bibliotek” ynskjer ein å utvikle felles søke- og bestillingsmuligheiter for norske bibliotek. Det er positivt at ein søker løysingar som gjer det enklare for brukaren å finne materiale i norske bibliotek. Ein felles, digital kunnskapsallmenning vil gje eit løft til små og mellomstore bibliotek. Samstundes har desse biblioteka unike samlingar som det er viktig å gjere tilgjengeleg, særleg gjeld dette lokalhistoriske samlingar. Det må takast omsyn til lokal kompetanse og tilpassingar i utviklinga av nasjonale bibliotektenester.

#### 1.2 Digitalisere viktige innhaldsressursar

Vi gjev særleg applaus til tiltaket ”gi tilgang til sentrale kunnskapskjelder gjennom lisensar og andre vederlagsordningar”. Gjennomføring av tiltaket vil gje alle bibliotek tilgang til norske kjelder som alt er digitalisert (leksikon, ordbøker, tidsskrift og aviser).

#### 1.3 Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs

Målet er å vidareutvikle biblioteka som kunnskapsbasar for formell og uformell læring. Det skal utarbeidast eit fast samarbeid mellom bibliotek- og utdanningsmyndigheitene på nasjonalt nivå. På lokalt plan er det viktig at biblioteka kan tilby arbeidsplassar, utstyr og rettleiingskompetanse for brukarane. I Kvam er det ynskjeleg med eit tettare samarbeid med utdanningsinstitusjonane for å utvikle eit best mogeleg tilbod for barn og unge i skule og utdanning. Særleg skulebiblioteka treng ei systematisk opprusting, og nye planlagde skular treng ressursar til auka biblioteksatsing.

#### 1.4 Vidareutvikle kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

Målet er at biblioteka skal fremje leselyst og lesedugleik gjennom aktiv kulturformidling og tilby eit breitt spekter av litteratur og andre kulturuttrykk. Reforma foreslår eit eige program for litteraturformidling. Kvam herad støttar eit program som gjev dette feltet status og tilfører midlar til formidlingstiltak som bokprat, forfattarbesøk, bokformidlingsteater og kurs for bibliotektilsette.

Reforma har som mål å legge fram ein handlingsplan for styrking av ABM- institusjonane som lokalhistoriske senter. Kunnskap om lokalhistorie er viktig for å utvikle lokal identitet. Kvam folkebibliotek ynskjer å samle og organisere lokalt stoff til ei mest mogeleg komplett samling. Arbeidet er ressurskrevjande og ein overordna plan kan gje ny giv til arbeidet. Sett i samanheng med mål om å digitalisering av lokalt materiale er det avgjerande at det vert sett av midlar til arbeidet.

1.6 Styrke biblioteka som bidragsytar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald  
Innvandrarar er ei stor brukargruppe i biblioteka. Biblioteka er tilgjengelege som møteplass. Her kan dei søke etter informasjon om det norske samfunnet, og kan halde seg orientert om og halde kontakt med heimlandet sitt.

Det er viktig for lokale bibliotek at staten opprettheld si satsing på ”Det fleirspråklege bibliotek” i Oslo. Kvam nyttar denne boksamlinga og kompetansesenteret for å kunne tilby litteratur på ulike språk for innvandrargruppa.

## **II Struktur og organisering**

Målet er at biblioteka skal framstå som attraktive møteplassar med moderne bibliotekfunksjonar.

### 2.1 Styrke og utvikle dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket

Bibliotekreforma legg opp til ein konsolideringsprosess som har som mål å skape sterkare og meir kompetente folkebibliotek. Konsoliderte bibliotek bør, i følgje utgreiinga, ha minimum 6-8 tilsette. Kvam herad stiller seg kritisk til å konsolidere bibliotek inn i større einingar. Kommunen har eit sterkt eigarforhold til biblioteket sitt, og ynskjer å styre utviklinga utan å vere konsolidert med nabokommunar. Biblioteka vert drivne fram av lokal identitet der politikarane set ramme for teneste- og stadsutvikling. Vi ynskjer å samarbeide med andre kommunar der vi kan utvikle og styrke tenestetilbodet hos oss og andre bibliotek i regionen, men trur ikkje konsolidering er vegen å gå. Vi har i dag god erfaring med eit godt samarbeid med andre kommunar i fylket. Kvam folkebibliotek har eit forpliktande samarbeid om bokbussdrift med nabokommunen Fusa.

Kvam herad støttar tiltaket om program for skulebibliotekutvikling. Det er ynskjeleg med eit tettare samarbeid mellom skule- og folkebibliotek, og det er naturleg at folkebiblioteket vert kopla til utvikling av skulebibliotek. Dersom ein vel å samle dei ulike biblioteka i kommunen i eit organisert samarbeid, bør dette vere ein ”samle for å styrke modell” som utløyser konsolideringsmidlar.

### 2.2 Vidareutvikle det fysiske biblioteket

Målet er at biblioteka skal framstå som attraktive møteplassar i lokalsamfunnet og utdanningsmiljø, og at lokala skal vere tilpassa moderne formidlingsformer og bibliotekfunksjonar. Det er svært positivt at det vert gjeninnført eit investeringsprogram for nye biblioteklokaler og mobile bibliotek.


### 2.3 Utvikle eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek

Målet er at befolkningen skal møte ein heilskapleg og samla biblioteksektor med klar oppgåvefordeling og gode distribusjonsordningar. Kvam herad støttar at Biblioteklova vert endra slik at alle offentlege bibliotek vert pålagt å delta i biblioteknettverket.

### **III Kompetanse og forskning**

Målområde tre handlar om framtidas bibliotek. Det skal etablerast eit kompetanseutviklingsprogram for å styrke Norgesbiblioteket og dei konsoliderte bibliotek. Det er positivt at det satsast på heving av bibliotekfagleg kompetanse, men det må ikkje berre kome tilsette i konsoliderte bibliotek til gode.

Med helsing



Siv Røyneland  
Biblioteksjef